

Modex AS  
Dyrholten 24  
5954 MONGSTAD

Referanser:  
Dykkar: Ref.:RW34PZ-  
Skjemanr.:3941  
Vår: 20/6389 - 21/2244

Saksbehandlar:  
Linda Hammersvik Folkestad  
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:  
13.01.2021

## **Svar på søknad om utslipp av oljeholdig avløpsvann - gbnr 127/89 Mongstad**

**Tiltak:** Oljeutskiljar  
**Byggested:** Dyrholten 24  
**Tiltakshavar:** Modex AS  
**Ansvarleg søker:** Modex AS

Saka gjeld godkjenning av oljeutskiljar som er knytt på kommunalt avløpsnett ved Gbnr 127/89.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Modex AS har overtatt ei oljeutskiljar som er knytt på kommunalt avløpsnett. Det ligg ikkje føre godkjenning frå kommunen. Modex AS ønsker å få ei godkjenning av anlegg. Utskiljaren skal nyttast til spøyling av containere.

#### Vurdering/drøfting:

Oljeutskiljar ved Dyrhovden 24 er knytt på kommunalt avløpsnett utan at det ligg føre godkjenning frå kommunen. Modex AS ønsker å få anlegg, av typen SUK-H-NS 20, godkjent av Alver kommune. Anlegg skal nyttast til vask av containere. Normalt vil oljeinnhald i avløpsvatn være lavt for denne typen verksemد.

Modex As har sendt spørsmål til fylkesmannen om behov for å innhente utsleppsløyve frå dei. Tilbakemeldinga frå fylkesmannen er at dette ikkje er nødvendig, men dei må få avklart med kommunen om krav til påslipp på kommunalt avløpsnett.

#### Samandrag/konklusjon:

Alver kommune ved samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning gir løyve til å knytte oljeutskiljar SUK-H-NS 20 på kommunalt avløpsnett på vilkår.

#### **Vedtak:**

Alver kommune gjev, med heimel i forskrift om påslipp/utslipp av olje- og fetthaldig avløpsvatn, løyve til å ha oljeutskiljar knytt på kommunalt avløpsnett på vilkår.

#### **Alver kommune**

Postboks 4, 5906 Frekhaug post@alver.kommune.no Kontonummer: 3207 29 30559  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00 www.alver.kommune.no Organisasjonsnummer: 920 290 922

Løyve til å knytte SUK-H-NS 20 på kommunalt avløpsnett vert gitt på vilkår:

- **Tømmefrekvens:** Oljeutskiljar og sandfang skal tömmast minst 1 gong per år. Olje som vert halde tilbake i anlegg vert rekna som farleg avfall og skal leverast til godkjent mottak.
- **Tømmeavtale:** Det skal, til ein kvar tid, ligge føre gyldig tømmeavtale med godkjent tømme-firma. Kommunen skal ha kopi av avtale.
- **Analyseprøve:** Det skal tas minimum 1 representativ prøve av avløpsvatn før tömming av anlegg. Prøve skal analyserast av godkjent laboratorium. Oljeinnhaldet i prøven skal ikkje overstige 50 mg/l (målt som totale hydrokarbon). Kopi av analysesvar skal leggast ved årsrapport for anlegg. Temperatur på utsleppsvatn skal ikkje overstige 45 °C.
- **Kontoll/reingjering:** Anlegg skal reingjerast og kontrollerast minst 1 gong per år. Kontroll og reingjering kan utførast i samband med tömming av anlegg.
- **Internt kontroll:** Anleggseigar skal ha jamnleg ettersyn med anlegg. Verksemenden skal ha ei person som følgjer opp anlegget og som skal være kontaktperson mot kommunen.
- **Bruk av kjemikalier:** Bruk av vaskemidlar og avfettingsmidlar fører til at olje emulerer og vert vanskeleg å skilje ut i utskiljaren. Kun godkjente kjemikalier skal nyttast og bruken av disse skal avgrensast til eit minimum. Kommunen forventar at verksemenden går i dialog med kjemikalieleverandør, eventuell anna kompetanse, for å optimalisere bruken med tanke på lågare utslepp.
- **Årsrapport:** Det skal sendast inn årsrapport for anlegg til kommunen. Årsrapport skal inneholde tømmerrapporter, kopi av prøveanalyser og driftsjournal. Rapporten skal være kommunen i hende seinast 1 februar påfølgjande år.
- **Ferdigmelding:** Det skal sendast inn ferdigmelding for anlegg. Med ferdigmelding skal det sendast inn situasjonskart (VA-kart) som viser plassering av anlegg og tilknytingspunkt på kommunalt avløpsnett.
- Verksemenden skal sørge for at, ein til kvar tid, gjeldande regelverk vert fylgt. Ved endring i aktivitet og/eller eigarskifte skal utskiljaranlegg opp til ny vurdering.

#### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvalting (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefrist er 3 veker, jf. fvl § 29(1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunnleggjast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstaning, må høve til klage på vedtaket vert nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

#### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommune-lova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-  
avløp-forvaltning

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar

Linda Hammersvik Folkestad  
Ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Modex AS

Dyrholten 24      5954

MONGSTAD